

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 167/2023

av 13. juni 2023

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsavgjerd (EU) 2023/693 av 27. mars 2023 om endring av avgjerd (EU) 2017/1214, (EU) 2017/1215, (EU) 2017/1216, (EU) 2017/1217, (EU) 2017/1218, (EU) 2017/1219 og (EU) 2018/680 med omsyn til gyldigheitstida for EU-miljømerkekriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonsavgjerd (EU) 2023/705 av 29. mars 2023 om endring av avgjerd (EU) 2017/175 og (EU) 2018/680 med omsyn til krava til energieffektivitet for EU-miljømerket for overnattingsstadar og EU-miljømerket for innandørs reingjeringsstenester når det gjeld visse energirelaterte produkt⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XX til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 2e (kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1218), 2h (kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1216), 2r (kommisjonsbeslutning (EU) 2017/1214), 2t (kommisjonsbeslutning (EU) 2017/1217), 2zg (kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1215) og 2zh (kommisjonsavgjerd (EU) 2017/1219) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32023 D 0693**: Kommisjonsavgjerd (EU) 2023/693 av 27. mars 2023 (EUT L 91 av 29.3.2023, s. 11).”

2. I nr. 2zp (kommisjonsavgjerd (EU) 2018/680) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

– **32023 D 0693**: Kommisjonsavgjerd (EU) 2023/693 av 27. mars 2023 (EUT L 91 av 29.3.2023, s. 11),

(1) TEU L 91 av 29.3.2023, s. 11.

(2) TEU L 92 av 30.3.2023, s. 19.

- **32023 D 0705**: Kommisjonsavgjerd (EU) 2023/705 av 29. mars 2023 (EUT L 92 av 30.3.2023, s. 19).”

3. I nr. 2m (kommisjonsavgjerd (EU) 2017/175) skal nytt strekpunkt lyde:

- ”– **32023 D 0705**: Kommisjonsavgjerd (EU) 2023/705 av 29. mars 2023 (EUT L 92 av 30.3.2023, s. 19).”

Artikkel 2

Teksta til avgjerd (EU) 2023/693 og (EU) 2023/705 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 14. juni 2023, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 13. juni 2023.

For EØS-komiteen

Nicolas von Lingen

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.